

# Skiminne

Eg er ikkje av dei som hugsar best kva som vart gjort eller sagt i dei ulike samanhengar langt tilbake i tid, men tida då vi gutane i lokalmiljøet dreiv skisport sit bra. På meg vart det mest langrenn, saman med eksempelvis Kjetil Hole, Asle Myhre, Svein Hjorthol, Geir Hjorthol, Geir Brunstad og Otto Brunstad.

**Ung hoppспорт.** Likevel kan ein vel seie at i 9-12-årsalderen var det hoppsporten som stod oss nærast. Dette var i god tid før skitrekka sin introduksjon. Vi trakka i timesvis, bygde hopp og hoppa. Mange ulike stadar. Vi hadde Hol-bakken (Håvard Hole sin heimearena), Nakkebakken (ved Nakkeplassen), Knutbakken (oppunder granfeltet i Knut-beitet) og ein bakke på Øye-stykket, opp mellom granfelta der. Med det utstyret vi hadde den gongen syntest vi det var stor stas når vi kunne segle over 20 meter. Han Øye-Per (Per Hole) stod i ei klasse for seg. Han hadde hoppski, og våga å smekke til litt ekstra, slik at han som regel hoppa 4-5 meter lenger enn hine. Som måtte nøye seg med turski med kandaharbindingar.

**Blodsmak i munnen.** Etter kvart vart det meir langrenn som overtok, i regi av Velledalen IL. Vi deltok i lokale renn, men reiste òg til bygder som Skodje, Stordal, Stranda og Sunnlyven. Resultata kunne variere etter dagsform og skipreparering, men ettersom eg kan hugse var Geir Hjorthol den kvassaste i vår alder og gruppe. Han var lett i kroppen, spenstig og sikkert lett-trena.

Så til trenarane våre som var ivrige og gjerne såg at vi vart gagns skiløparar. Fyrst han Øye-Olav (Olav P. Hole). Eg minnest ein gong vi hadde trakka opp ei løype ovanfor Lisjeelva på stykket til Nygarden. Dette var lenge før der blei oppdyrka. Og der, meinte Olav, var ein ypperleg stad å trene taktskifte og diagonalgang fordi der var så kupert. Seinare var det mest fram i Holemarka vi heldt til, der kom nemleg lysløype.

Ein haust eller to dreiv vi grunntrening med Astor Lade, Arild Lade og Einar Gløttheim. Sistnemnde kom frå Engerdal, arbeidde på La-fabrikken og var ein ivrig skiløpar. Eg hugsar spesielt at Astor Lade hadde nokre turar med oss om hausten. For å pynte på grunnkondisjonen vår. Etter oppvarming med bøy og tøy framme ved La-fabrikken, sprang vi heilt inn til Fausaskiftet. Vi blei skikkeleg køyrde. Eg rett og slett kjende blodsmaken i munnen. Astor var akkurat komen heim frå militærtjeneste i Garden, og var i storform på den tida.

**Helge og Rolf.** Sjølv om eg ikkje hoppa sjølv i større bakkar, hadde eg stor glede av å sjå andre hoppe. Vil spesielt nemne ein kar som John Oskar Brandshaug. Han var eldre enn dei andre karane, og eg tykte han var dristig etter alderen. Han til og med hoppa med vanlege turski med rottefella-bindingar. Men Helge og Rolf Lødøen stod i ei særstilling. Dei arbeidde på La og hopp var deira store lidenskap vinterstid. Kvar kveld låg dei og leika seg og trena borti La-brauta. På den måten vart dei liggande eit par hestehaud framfor dei andre, både i lengde og stil. Eg hadde stor glede av å sjå dei to brødrene i aksjon. Rein stil, nydelege telemarksnedslag og stor dristigheit prega hoppinga deira.

**Arnfinn Brunstad**